Vestland fylkeskommune

# SERIØSITETSKRAV OG ETISKE FØRESEGNER

# for leverandørar til Vestland fylkeskommune

# Innhald

0. Bruksområdet for seriøsitetsføresegnene til Vestland fylkeskommune ... 3
1. Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA) ... 4
1.1 HMS-kort ... 4
1.2 Krav til føring av mannskapslister og innsyn i oversiktslister ... 4
1.3 Sanksjonar ... 4
2. Internkontroll ... 5
2.1 Innleiing ... 5
2.2 Språk ... 5
2.3 Brakke, garderobe og buforhold ... 5
2.4 Sanksjonar ... 6
3. Krav om bruk av faglærte handverkarar ... 6
3.1 Sanksjonar ... 7
4. Krav til bruk av lærlingar ... 7
4.1 Sanksjonar ... 8
5. Krav om bruk av fast tilsette ... 8
5.1 Sanksjonar ... 8
6. Arbeidstidsordning ... 8
7. Bruk av underleverandørar, inkludert innleigd arbeidskraft ... 8
7.1 Sanksjonar ... 9
8. Krav til løns- og arbeidsvilkår ... 9
8.1 Forpliktingane til leverandøren ... 9
8.2 Sanksjonar ... 10
9. Krav til dokumentert yrkesskadeforsikring ... 10
9.1 Krav til leverandøren ... 10
9.2 Sanksjonar ... 10
10. Skatt og bank ... 10
10.1 Brot på skatte- og avgiftsforpliktingar ... 10
10.2 Krava i skatteforvaltningslova ... 11
10.3 Innrapportering av utanlandske arbeidstakarar ... 11
10.4 Krav om betaling til bank og forbod mot kontant betaling ... 11
10.5 Pliktig medlemskap i leverandørregister ... 12
10.6 Sanksjonar ... 12
11. Brot på konkurranselovgjevinga ... 12
12. Etisk handel og samfunnsansvar ... 13
12.1 Oppfylling av menneskerettar ... 13
12.2 Openheit om leverandørkjeder, kunnskapsplikt og aktsemdsvurderingar ... 13
12.3 Forbod mot korrupsjon og anna økonomisk misferd ... 13
12.4 Sanksjonar ... 14
13. Varsling ... 14
14. Tilgang til og overføring av data frå leverandøren ... 14
15. Revisjon ... 15

16. Vidareføring av seriøsitetsføresegner ..... 15
17. Mishald av kontraktforpliktingar – konsekvensar for seinare konkurransar ..... 15
18. Verknad dersom leverandøren bryt seriøsitetskrava..... 15

# 0. Bruksområdet for seriøsitetsføresegnene til Vestland fylkeskommune

Føremålet med felles seriøsitetsføresegner for Vestland fylkeskommune er å motverke sosial dumping og arbeidslivskriminalitet, og å sikre einskapleg oppfølging av krava.

Seriøsitetsføresegnene gjeld i tråd med § 4 i forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter og kjem i hovudsak til verknad i byggje- og anleggskontraktar og relevante tenestekontraktar i tråd med hovudmåla for innkjøp i Vestland fylkeskommune.

# 1. Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA)

## 1.1 HMS-kort

*[Føresegna gjeld for verksemder som utfører arbeid på byggje- og anleggsplassar etter byggherreforskrifta § 2, jf. § 4, og for verksemder som utfører reinhaldstenester etter forskrift om offentlig godkjenning av renholdsvirksomheter og om kjøp av renholdstjenester.]*

Alle som utfører arbeid på byggje- eller anleggsplassen under denne kontrakten, skal bere lett synleg eit gyldig HMS-kort som er utferda av Arbeidstilsynet, jf. FOR-2007-03-30-366. Det same gjeld alle som utfører reinhaldsarbeid under denne kontrakten, jf. FOR-2012-05-08-408.

Fram til ein har fått HMS-kortet, aksepterer oppdragsgjevaren gyldig HMS-kortstadfesting med QR-kode frå Arbeidstilsynet saman med gyldig identifikasjon, eller annan dokumentasjon i samsvar med dei gjeldande retningslinjene frå Arbeidstilsynet. Ordrestadfesting, søknadsskjema o.l. blir ikkje akseptert som HMS-kort.

Før arbeidstakaren har fått HMS-kortet, må vedkomande på byggje- og anleggsplassen kunne dokumentere kva verksemd han eller ho jobbar for. Lånekort blir akseptert ved framvising av gyldig HMS-kortstadfesting med QR-kode frå Arbeidstilsynet saman med gyldig identifikasjon.

## 1.2 Krav til føring av mannskapslister og innsyn i oversiktslister

Før oppstart av arbeidet skal leverandøren sende oppdragsgjevaren ei liste over kva personar som vil utføre arbeid på byggje- eller anleggsplassen. Dette inkluderer massetransportørar, betongtransportørar og tilsvarande transport som leverer (rå)varer som direkte bidreg til byggje- og anleggsarbeidet. Lovpålagde tekniske tenester som utfører arbeid på anlegget, som installatørar av offentleg elkraft og kommunale eller offentlege styresmakter (teknisk etat, VA osv.) skal også registrerast i mannskapslista. Oppdragsgjevaren har ansvar for å registrere desse dersom dei jobbar direkte under oppdrag frå oppdragsgjevaren.

Lista skal innehalde namnet på føretaket, organisasjonsnummeret til føretaket, namn på tilsette, fødselsdatoar og HMS-kortnummer. Lista skal leverast i MS Excel-format. Dersom det blir nytta elektronisk kjernesystem for leverandøroppfølging for leveransen, skal mannskapslista registrerast elektronisk i systemet. Ved endringar i arbeidsstokken skal leverandøren sende oppdragsgjevaren oppdatert mannskapsliste utan ugrunna opphald. Når leverandøren fører oversiktslister, skal dei elles utførast i samsvar med forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- og anleggsplasser § 15.

Oppdragsgjevaren skal når som helst ha rett til innsyn i oversiktslista over alle som utfører arbeid på byggje- eller anleggsplassen. Oversiktslista skal førast og kontrollerast dagleg i samsvar med forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplasser.

## 1.3 Sanksjonar

Arbeidstakarar som ikkje er førehandsregistrerte, har HMS-kort eller har godkjent dokumentasjon frå Arbeidstilsynet jf. pkt. 1.1 og pkt. 1.2 vil bli viste bort frå byggje- eller anleggsplassen for leverandøren si rekning og risiko.

Leverandøren skal så langt som mogleg etterregistrere dei arbeidstakarane som har vore på byggjeplassen utan å vere registrerte.

# 2. Internkontroll

*[Føresegna gjeld for bygg- og anleggskontraktar]*

## 2.1 Innleiing

Leverandøren skal følgje den arbeidsmiljølova som gjeld til kvar tid, med tilhøyrande forskrifter, SHA-planen til oppdragsgjevaren og instruksjonar frå oppdragsgjevaren eller koordinatoren. Leverandøren pliktar å ha eit internkontrollsystem i samsvar med forskrift om systematisk helse- miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter. Relevante delar av SHA-planen til oppdragsgjevaren skal innarbeidast i og følgjast opp gjennom internkontrollen til leverandøren. Innarbeidinga skal skje slik at føresegnene i SHA-planen kan identifiserast.

## 2.2 Språk

Med mindre anna er avtalt, skal all kommunikasjon mellom nøkkelpersonar i prosjektet skje på norsk. Leverandøren skal sørgje for at arbeidstakarane hans og eventuelle underleverandørar han nyttar, kan kommunisere på ein slik måte at manglande kommunikasjon ikkje utgjer ein sikkerheitsrisiko. For å unngå at det skjer ulykker fordi ikkje alle forstår informasjonen som blir gjeven, gjeld følgjande:

• Minst éin av det utførande personell på alle arbeidslag skal kunne forstå og gjere seg forstått på norsk eller engelsk. Dersom fleire utfører oppdrag saman, skal vedkomande i tillegg forstå og gjere seg forstått på eit språk alle dei andre på arbeidslaget forstår og kan gjere seg forstått på.

• Alle på byggjeplassen skal forstå SHA-plan, sikkerheitsopplæring, HMS-rutinar, verneprotokollar, sikkerheitsinstruksar, SJA, sikkerheitsdatablad, bruksrettleiing for verktøy og arbeidsutstyr, varselskilt m.m. Materialet skal liggje føre på det språket vedkomande arbeidstakar brukar som morsmål, eller eit språk vedkomande forstår fullt ut, så lenge arbeidstakaren ikkje forstår informasjonen fullt ut på norsk eller engelsk.

## 2.3 Brakke, garderobe og buforhold

Det skal vere separate dame- og herregarderobar og toalett med eigen inngang. På rigg med mindre einingar for inntil 10 personar kan det avtalast med bedriftstillitsvalde at ein sløyfar kjønnsdelte garderobar og toalett, når dette likevel ikkje vil bli nytta.

Kvar arbeidstakar skal ha tilstrekkeleg plass til opphenging av tøy o.l. Garderobane skal gjere det mogleg for arbeidstakarane å låse inn tøyet sitt i arbeidstida, og der det er nødvendig, skal det i tillegg vere låsbare avlukke for å sikre mot tap av verdisaker. Arbeidstakaren skal ha tilstrekkeleg plass til å skifte. Garderoben skal ha spegel og mange nok sitjeplassar til skifte av klede og skotøy. Garderoben skal ha tilfredsstillande ventilasjon.

Det skal innrettast eit åtskilt matrom eller tilgang til tilfredsstillande lokale utanom verksemda. Matrommet skal vere så stort at det gjev tilfredsstillande plass til det største talet på arbeidstakarar som skal ete samtidig. Smitteverntiltak skal vere tekne hand om. Matrommet skal vere innreidd på tenleg vis, om nødvendig slik at arbeidstakarane kan lage til måltid der. Matrom skal ikkje brukast til nattopphald.

Når arbeidsgjevaren tilbyr innkvartering for arbeidstakarane sine, skal det stillast krav til at innkvarteringa skal vere forsvarleg utforma, innreidd og halden ved like. Viktige moment er mellom anna storleik, innreiing og branntryggleik. Standarden på bustaden skal vere i tråd med den teknologiske og sosiale samfunnsutviklinga, han skal ha tenleg storleik og innreiing, og han skal etterleve forskriftsmessige krav til brann- og elsikkerheit.

Innkvarteringa skal ha tilfredsstillande ventilasjon og skal ikkje ha sopp, ròte, fuktskadar eller liknande. Innkvartering i arbeidslokale eller på arbeidsplassen er ikkje akseptert. Innkvarteringa skal også vere godkjend ifølgje bygningslovgjevinga.

Soverom bør vere plasserte slik at brukarane blir minst mogleg forstyrra, og bør ikkje ha gjennomgang til andre rom. Soverommet skal ha vindauge som kan opnast.
Som hovudregel skal arbeidstakaren innkvarterast i enkeltrom av omsyn til at den enkelte skal kunne få privatliv og kvile. Dette gjeld særleg dersom arbeidstakaren skal bu på staden i lengre periodar. Høve til tilstrekkeleg kvile er viktig for å kunne restituere seg. Dobbeltrom kan berre brukast dersom det er snakk om eit kortvarig opphald. Rommet må då vere stort nok, og det skal vere eit tilliggjande opphaldsrom.

Når mange arbeidstakarar bur saman på eit lite område med fellesområde, til dømes bad/dusj/toalett, kjøkken/matområde, felles opphaldsområde og felles vaskeri, må det stillast strenge krav til smittevern generelt. Arbeidsgjevaren må fastsetje klare reglar om smittevern saman med husordensreglane, og i samråd med arbeidstakarane. Reglane må vere på eit språk arbeidstakarane forstår.

## 2.4 Sanksjonar

Ved mishald av krava i pkt. 2.1–2.3 har oppdragsgjevaren rett til å stanse arbeida i den grad oppdragsgjevaren reknar det nødvendig. Slik stans er for leverandøren si rekning og risiko og gjev ikkje leverandøren rett til verken fristforlenging eller vederlagsjustering. Forseinking frå leverandøren som følgje av slik stans gjev oppdragsgjevaren rett på eventuell dagmulkt etter føresegnene om forseinka overlevering i kontrakten.

Vesentleg mishald av krava i pkt. 2.1–2.3 som ikkje blir retta innan ein rimeleg frist som er fastsett av oppdragsgjevaren, gjev oppdragsgjevaren rett til å heve kontrakten. Der slikt vesentleg mishald gjeld stadige brot på pliktene, kan oppdragsgjevaren heve sjølv om leverandøren rettar forholda. Dersom oppdragsgjevaren hevar kontrakten med leverandøren, kan oppdragsgjevaren krevje å få transportert til seg dei kontraktane leverandøren har med underleverandørane. Oppdragsgjevaren kan på same måten krevje at leverandøren skiftar ut underleverandørane. Dette skal skje utan kostnader for oppdragsgjevaren.

# 3. Krav om bruk av faglærte handverkarar

*[Føresegna gjeld alle kontraktar over kr 500 000 som gjeld for reinhald, bygg- og anleggsfag (dvs. fag som er omfatta av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk), og for elektroarbeid (regulert av forskrift om elektrofag og kvalifikasjonskrav knyttet til elektriske anlegg og elektrisk utstyr).]*

Ved utføringa av kontraktarbeidet skal minimum 50 prosent av dei arbeidde timane innanfor bygg- og anleggsfaga (dei faga som er omfatta av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk, og elektrofaga) samla utførast av personar med fagbrev, sveinebrev eller dokumentert fagopplæring etter nasjonal fagopplæringslovgjeving eller likeverdig utanlandsk fagutdanning. Det skal vere fagarbeidarar i alle dei ovannemnde faga. Kravet kan også oppfyllast ved at dei arbeidde timane er utførte av personar som er under systematisk opplæring og er melde opp etter krava i praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 3-5, eller etter tilsvarande ordning i eit anna EU/EØS-land. I enkeltpersonføretak utan tilsette gjeld dei ovanståande krava for eigaren.

Leverandøren skal etter at kontrakten er inngått, gjere greie for korleis kravet vil bli oppfylt, og jamleg *[det konkrete kravet til regularitet på rapportering blir definert i kvart enkelt innkjøp]* sende over rapportar som viser oppfyllingsgraden, i samsvar med malen for månadsrapport i kontrakten.

Leverandøren skal leggje fram timelister på oppmoding frå oppdragsgjevaren.

## 3.1 Sanksjonar

Der leverandøren sjølv har grunn til å tru at mishald av krav i pkt. 3 vil oppstå, skal leverandøren utan opphald opplyse oppdragsgjevaren om forholda og rette forholda før fristen frå oppdragsgjevaren er ute. Blir ikkje forholda retta før den fastsette fristen er ute, kan oppdragsgjevaren krevje prisavslag tilsvarande innsparinga leverandøren har oppnådd ved mishaldet, eller anna rimeleg prisavslag på inntil 0,5 prosent av kontraktssummen.

Ved vesentleg mishald av krava i pkt. 3, eller dersom det er grunn til å tru at vesentleg mishald vil oppstå, kan oppdragsgjevaren, med rimeleg varsel, stanse kontraktarbeida for leverandøren si rekning og risiko eller heve kontrakten.

Dersom oppdragsgjevaren stansar arbeidet etter denne føresegna, skal leverandøren erstatte kostnadene til oppdragsgjevaren som følgje av stansen. Slik stans er for leverandøren si rekning og risiko og gjev ikkje leverandøren rett til verken fristforlenging eller vederlagsjustering.

# 4. Krav til bruk av lærlingar

*[Krav til bruk av lærlingar skal stillast i alle kontraktar over NOK 500 000 som varer i over 3 månader.]*

Ved utføring av kontraktarbeidet skal minst 10 prosent av arbeidstimane innanfor bygg- og anleggsfaga samla (omfatta av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk og elektrofaga) bli utført av lærlingar, jf. opplæringslova § 4-1. Kravet kan oppfyllast ved at dei arbeidde timane er utførte av personar som er under systematisk opplæring, og som er melde opp etter krava i praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 3-5.

Kravet kan også oppfyllast ved å nytte lærlingar etter tilsvarande ordning i eit anna EU/EØS-land eller ved at timane er utførte av personar som er under systematisk opplæring, og som er melde opp etter tilsvarande ordning som krava i praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 3-5, i eit anna EU/EØS-land.

Kravet kan oppfyllast av leverandøren og éin eller fleire av underleverandørane hans.

Leverandøren skal før kontrakten blir inngått, gjere greie for korleis kravet vil bli oppfylt, og månadleg sende over rapportar som viser oppfyllingsgraden i kontraktperioden. Dersom leverandøren meiner at delar av arbeida ikkje er eigna for utføring av lærlingar, basert på typen arbeid og helse, miljø og sikkerheit, skal dette gå fram av utgreiinga, og leverandøren må søkje oppdragsgjevaren om å få redusert omfanget av kravet med grunnlag i dette. Dersom det etter inngåing av kontrakt oppstår særlege forhold som ligg vesentleg utanfor det ein kunne forvente ved gjennomføring av kontrakten med omsyn til i kva grad prosjektet er eigna for bruk av lærlingar, kan oppdragsgjevaren gjere grunnlag for unntak frå kravet etter skriftleg søknad frå leverandøren.

Ein leverandør som er knytt til ei lærlingordning, og som kan dokumentere gjentekne reelle forsøk på å inngå lærekontrakt utan å lykkast gjennom heile kontraktperioden, skal av oppdragsgjevaren reknast for å ha oppfylt kravet om bruk av lærling. Ein leverandør som er knytt til ei lærlingordning og har inngått lærekontrakt, men som på grunn av forhold på lærlingen si side ikkje kan nytte vedkomande under leveransen, skal av oppdragsgjevaren reknast for å ha oppfylt vilkåret om bruk av lærling dersom leverandøren kan dokumentere reelle forsøk på å inngå ny lærekontrakt utan å lykkast. Der den attståande kontraktperioden er meir enn tre månader, skal leverandøren gjere greie for kva tiltak som er sette i verk for å inngå nye lærekontraktar, i kvar månadsrapport.

Ved avslutning av kontrakten skal det leggjast fram oversikt over talet på lærlingtimar.

## 4.1 Sanksjonar

Manglande oppfylling av krava i pkt. 4 gjev oppdragsgjevaren rett til eit rimeleg prisavslag på inntil 0,5 prosent av kontraktssummen.

Ved vesentleg mishald av krava i pkt. 4, eller der det er grunn til å tru at slikt vesentleg mishald vil oppstå, kan oppdragsgjevaren, med rimeleg varsel, stanse arbeida for leverandøren si rekning og risiko eller heve kontrakten. Slik stans gjev ikkje leverandøren rett til verken fristforlenging eller vederlagsjustering. Dersom oppdragsgjevaren stansar arbeidet etter denne føresegna, skal leverandøren erstatte kostnadene til oppdragsgjevaren som følgje av stansen.

# 5. Krav om bruk av fast tilsette

*[Føresegna gjeld for utføring av byggje- og anleggsarbeid og alle reinhaldstenester som er omfatta av CPV-kode 90910000 (reingjering), jf. forskrift om offentlige anskaffelser § 19-3, og for andre risikoutsette tenesteområde etter særskild vurdering.]*

Ved utføringa av kontraktarbeidet skal arbeidet i all hovudsak utførast av fast tilsette i minst 80 prosent stilling, uavhengig av om arbeidarane er tilsette hos leverandøren eller eventuelle underleverandørar. Innleigd arbeidskraft blir ikkje rekna som fast tilsette etter denne føresegna.

Minst 25 prosent av arbeidskrafta må vere tilsett hos leverandøren. [*det konkrete kravet må vurderast for kvar enkelt kontrakt]*

Leverandøren skal etter at kontrakten er inngått, gjere greie for korleis kravet vil bli oppfylt, og jamleg *[det konkrete kravet til regularitet på rapportering blir definert i kvart enkelt innkjøp]* sende over ein rapport som viser oppfyllingsgraden. Ved kontraktavslutning skal det leggjast fram oversikt over bemanninga og oppfyllingsgrad. Timelister skal leggjast fram på førespurnad.

## 5.1 Sanksjonar

Ved mishald av krav i punkt 5 kan oppdragsgjevaren krevje eit rimeleg prisavslag på inntil 0,5 prosent av kontraktssummen.

# 6. Arbeidstidsordning

Dersom arbeidet blir utført i ei arbeidstidsordning utover 7,5 timar per dag / 37,5 timar per veke, skal det dokumenterast at det finst skriftleg avtale og arbeidsplan i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 10-5 og 10-7).

# 7. Bruk av underleverandørar, inkludert innleigd arbeidskraft

*[Føresegna gjeld for utføring av byggje- og anleggsarbeid, og for alle reinhaldstenester som er omfatta av CPV-kode 90910000, når verdien er over terskelverdien til EØS for varer og tenester. Ho gjeld også for andre risikoutsette tenesteområde etter særskild vurdering.]*

Leverandør kan ikkje, utan skriftleg samtykke frå oppdragsgjevaren, ha fleire enn to ledd med underleverandørar i kjede under seg.

Bruk av underleverandørar, inkludert innleigd arbeidskraft, skal skriftleg førehandsgodkjennast av oppdragsgjevaren. Oppdragsgjevaren kan berre nekte bruk der han har sakleg grunn. Det same gjeld for utskifting av underleverandørar i kontraktperioden. Godkjenning frå oppdragsgjevaren endrar ikkje dei forpliktingane leverandøren har overfor oppdragsgjevaren.

Oppdragsgjevaren kan krevje at førehandsgodkjenning skal skje ved bruk av elektronisk kjernesystem for oppfølging av leverandørar.

Leverandøren skal til kvar tid kunne dokumentere at underleverandørane oppfyller føresegnene i kontrakten, mellom anna at dei har oppfylt forpliktingane sine overfor skattestyresmaktene.

## 7.1 Sanksjonar

Ved mishald av krav i punkt 7 skal oppdragsgjevar setje ein rimeleg frist for leverandøren til å rette forholda. Dersom leverandøren ikkje rettar forholdet før fristen går ut, kan oppdragsgjevar halde tilbake inntil 0,5 prosent av kontraktssummen fram til forholdet er retta. Dersom krav i punkt 7 framleis er mishaldne ved overtaking, kan oppdragsgjevar krevje eit rimeleg prisavslag på inntil 0,5 prosent av kontraktssummen.

# 8. Krav til løns- og arbeidsvilkår

## 8.1 Forpliktingane til leverandøren

Leverandøren er ansvarleg for at eigne tilsette og tilsette hos eventuelle underleverandørar som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten, har løns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn

- arbeidsmiljølovgjevinga, allmenngjeringsforskriftene eller den landsomfattande tariffavtalen som gjeld for den aktuelle bransjen til kvar tid
    - På område som ikkje er dekte av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal løns- og arbeidsvilkåra vere i samsvar med ein landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen. Løns- og arbeidsvilkår vil seie føresegner om minste arbeidstid, løn, inkludert overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekning av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike føresegner følgjer av tariffavtalen.
- lov om obligatorisk tjenestepensjon (OTP-lova) av 21.12.2005

For bransjar som ikkje er allmenngjorde, skal det, for å sikre eit effektivt vern mot omgåing av krav til dekning av utgifter til reise, kost og losji, stillast krav om at bustaden til arbeidskrafta er definert i arbeidsavtalen. Ved arbeid som krev overnatting utanfor definert heimstad, skal det dokumenterast betaling for kostnader til kost og losji, og reise der arbeidstakaren har rett til slik utgiftsdekning.

Leverandøren pliktar på førespurnad å dokumentere løns- og arbeidsvilkåra for eigne arbeidstakarar og arbeidstakarar hos eventuelle underleverandørar. Opplysningane skal dokumenterast ved mellom anna kopi av arbeidsavtale, lønsslipp, timelister og bankutskrift frå arbeidsgjevaren. Dokumentasjonen skal vere på personnivå, og det skal gå fram kven han gjeld. Oppfylling av krav om dekning av reise, kost og losji skal også dokumenterast.

Oppdragsgjevaren og/eller andre som opptrer på vegner av oppdragsgjevaren, har rett til innsyn i dokument, og rett til å gjere andre undersøkingar som gjer det mogleg for oppdragsgjevaren å gjennomføre kontroll med at kravet til løns- og arbeidsvilkår blir halde.
Medverknads- og dokumentasjonsplikta omfattar også underleverandørar.

Oppdragsgjevaren kan krevje å få tilgang til lokale som blir nytta til innkvartering av tilsette. Dette gjeld bustad arbeidsgjevaren har skaffa/tilbydd til arbeidarar som medverkar til oppfylling av kontrakten. Den retten oppdragsgjevaren har til dokumentasjon og inspeksjon, skal også gjelde overfor eventuelle underleverandørar, innleigde arbeidstakarar og utsende arbeidstakarar.

På førespurnad skal leverandøren leggje fram komplette timelister som viser den totale arbeidstida til enkeltpersonar på alle prosjekt vedkomande arbeider på. Dokumentasjon skal leggjast fram seinast 2 veker etter førespurnaden, og kostnader samband med dette skal dekkjast fullt ut av leverandøren.

## 8.2 Sanksjonar

Ved brot på krava til løns- og arbeidsvilkår skal leverandøren rette forholdet før utgangen av ein rimeleg frist som er fastsett av oppdragsgjevaren. Oppdragsgjevaren kan krevje at forholda blir retta for arbeid under heile kontraktperioden.

Dersom forholdet ikkje er retta før utgangen av fristen frå oppdragsgjevaren, har oppdragsgjevaren rett til å ileggje leverandøren dagmulkt. Mulkta skal vere på 1 promille av kontraktssummen per kalenderdag. Dagmulkta går frå utgangen av fristen for å rette forholdet fram til leverandøren dokumenterer at forholdet er retta, og at løns- og arbeidsforholda er i tråd med føresegna, eller fram til kontraktforholdet er avslutta. Dagmulkt under denne føresegna vil kome i tillegg til avgrensingane som er sette i føresegnene om dagmulkt som følgje av forseinking i NS 8405/8406/8407.

Mishald av plikter og krav i pkt. 8 gjev også oppdragsgjevaren rett til å stanse arbeida. Slik stans er for leverandøren si rekning og risiko og gjev ikkje leverandøren rett til verken fristforlenging eller vederlagsjustering. Forseinking frå leverandøren som følgje av stans gjev oppdragsgjevaren rett til å ileggje dagmulkt etter føresegnene om forseinking i kontrakten.

Vesentleg mishald av løns- og arbeidsvilkår hos leverandøren gjev oppdragsgjevaren rett til å heve kontrakten, sjølv om leverandøren rettar forholda. Dersom brotet har skjedd i underleverandørleddet, inkludert bemanningsselskap, kan oppdragsgjevaren på same måten krevje at leverandøren skiftar ut underleverandørar. Dette skal skje utan kostnader for oppdragsgjevaren.

Oppdragsgjevaren og/eller andre som opptrer på vegner av oppdragsgjevaren, har rett til innsyn i dokument, og rett til å gjere andre undersøkingar som gjer det mogleg for oppdragsgjevaren å gjennomføre kontroll med at kravet til løns- og arbeidsvilkår blir halde. Leverandøren pliktar vederlagsfritt å medverke til kontroll frå oppdragsgjevaren, inkludert å leggje fram all etterspurd dokumentasjon. Medverknads- og dokumentasjonsplikta omfattar også underleverandørar.

# 9. Krav til dokumentert yrkesskadeforsikring

## 9.1 Krav til leverandøren

Leverandøren skal på førespurnad før utgangen av ein rimeleg frist fastsett ved skriftleg varsel dokumentere at eigne tilsette og tilsette hos underleverandørar som utfører arbeid på kontrakten, er dekte av lovpålagd yrkesskadeforsikring. Oppdragsgjevaren kan vise bort arbeidstakarar/føretak som ikkje har dokumentert yrkesskadeforsikring før fristen har gått ut.

## 9.2 Sanksjonar

Manglande eller mangelfull dokumentasjon på yrkesskadeforsikring hos eigne tilsette hos leverandøren gjev oppdragsgjevaren rett til å heve kontrakten. Før heving kan gjennomførast, skal leverandøren ved skriftleg varsel få ein rimeleg tilleggsfrist for å dokumentere retting, med varsel om heving om så ikkje skjer. Dersom brotet gjeld manglande dokumentasjon for yrkesskadeforsikring hos tilsette hos underleverandørar, kan oppdragsgjevaren på same måten krevje at leverandøren skiftar ut underleverandørar. Dette skal skje utan kostnader for oppdragsgjevaren.

# 10. Skatt og bank

## 10.1 Brot på skatte- og avgiftsforpliktingar

Leverandøren og/eller underleverandøren skal til kvar tid oppfylle forpliktingane sine til å betale skattar og/eller avgifter.

Oppdragsgjevaren kan til kvar tid kontrollere om leverandøren og eventuelle underleverandørar oppfyller forpliktingane om å betale skattar og/eller avgifter. Oppdragsgjevaren kan til kvar tid hente inn gyldig fullmakt til å hente inn teiepliktige opplysningar frå skatteetaten om
1) skatte- og avgiftsmessige forhold, avgrensa til opplysningar som til kvar tid går fram av «Opplysningar om skatt og avgift» (bestillingsskjema RF-1507)
2) innrapporteringar i Oppdrags- og arbeidsforholdsregisteret på RF-1199 om oppdraget og RF-1198 om arbeidstakarar på oppdraget
3) kva for arbeidstakarar som er melde inn gjennom a-meldinga.
Fullmakta skal vere gyldig i minimum 4 år.

Når det blir inngått kontraktar om underentreprise som overstig ein verdi på kr 500 000 ekskl. mva., skal leverandøren hente inn skatteattest, jf. forskrift om offentlige anskaffelser. Frå underleverandørar med forretningsadresse i andre EØS-land enn Noreg skal det hentast inn tilsvarande attest.

Leverandøren skal på førespurnad frå oppdragsgjevaren leggje fram skatteattesten. Dersom attesten ikkje blir lagd fram eller viser restansar som er vesentlege, kan oppdragsgjevaren krevje at underleverandøren blir skifta ut utan kostnader dersom forholdet ikkje blir retta før utgangen av ein rimeleg frist som blir gjeven ved skriftleg varsel. Oppdragsgjevaren kan krevje at skatteattesten og skattefullmakta blir lagd fram ved bruk av elektronisk kjernesystem for oppfølging av leverandørar.

Leverandøren skal til kvar tid kunne dokumentere at underleverandørane oppfyller føresegnene i kontrakten, mellom anna at dei har oppfylt forpliktingane sine overfor skattestyresmaktene.

## 10.2 Krava i skatteforvaltningslova

Leverandøren forpliktar seg til å halde oppdragsgjevaren skadeslaus for alle krav eller andre sanksjonar som blir pålagde av styresmaktene, og som har opphav i at leverandøren eller underleverandørar har brote ei føresegn i skatteforvaltningslova og tilhøyrande forskrifter.

## 10.3 Innrapportering av utanlandske arbeidstakarar

Kontraktar som går til ein utanlandsk leverandør eller underleverandør, og alle arbeidstakarar på slike kontraktar, skal rapporterast til skatteetaten i samsvar med lov om skatteforvaltning § 7-6.

Leverandøren er ansvarleg for at slik rapportering skjer i heile kontraktkjeda. Leverandøren skal på førespurnad dokumentere at rapporteringsplikta er oppfylt, ved kopi av innmeldingsskjema eller kvittering frå Altinn.

Eventuelt ansvar for skattar eller avgifter, gebyr eller tvangsmulkt til oppdragsgjevaren som følgje av at leverandøren ikkje har innfridd forpliktingane sine etter dette punktet, er leverandøren sitt ansvar og skal betalast av han.

## 10.4 Krav om betaling til bank og forbod mot kontant betaling

Løn og anna godtgjering til eigne tilsette, tilsette hos underleverandørar og innleigde skal utbetalast til konto i bank. Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten, skal innehalde tilsvarande føresegner.

All betaling leverandøren gjer i samband med utføringa av kontraktarbeid for oppdragsgjevaren, skal betalast med elektronisk betalingsmiddel. Alvorlege brot på denne føresegna gjev oppdragsgjevaren rett til prisavslag tilsvarande betalinga.

Leverandøren og eventuelle underleverandørar skal på førespurnad utlevere nødvendig dokumentasjon til oppdragsgjevaren for å dokumentere at ein oppfyller kontraktvilkåret.

## 10.5 Pliktig medlemskap i leverandørregister

*[Føresegna gjeld for alle kontraktar over NOK 500 000.]*

Leverandøren, og eventuelle underleverandørar, skal når kontrakten blir inngått, opplyse om StartBANK ID eller leggje fram kopi av registreringsbevis frå StartBANK eller tilsvarande leverandørregister som inneheld oppdatert og kontrollert leverandørinformasjon. Leverandøren skal gje leverandørregisteret fullmakt til å hente inn utvida SKAV-info (skatte- og avgiftsinformasjon) i heile kontraktperioden.

Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten, skal innehalde tilsvarande føresegner. Oppdragsgjevaren kan krevje at leverandøren byter ut underleverandørar som ikkje har levert fullmakt til å hente inn SKAV-info i heile kontraktperioden.

## 10.6 Sanksjonar

Dersom leverandøren misheld forpliktingane sine til å betale skattar og/eller avgifter, kan oppdragsgjevaren, etter at leverandøren har fått ein frist til å rette forholdet, heve kontrakten dersom forholdet ikkje er retta.

Dersom ein underleverandør misheld forpliktingane sine til å betale skattar og/eller avgifter, kan oppdragsgjevaren, etter at underleverandøren har fått ein frist til å rette opp, krevje at leverandøren snarast mogleg skiftar ut underleverandøren for leverandøren si rekning og risiko. Retten til å krevje utskifting gjeld ikkje dersom det formelt er hevda overfor kompetent styresmakt at kravet er feil, og leverandøren kan sannsynleggjere overfor oppdragsgjevaren at kravet mot underleverandøren ikkje er rettkome. Dersom leverandøren ikkje skiftar ut underleverandøren som han er forplikta til å skifte ut, kan oppdragsgjevaren heve avtalen.

# 11. Brot på konkurranselovgjevinga

Dersom det er sannsynleggjort at leverandøren har brote konkurranselova §§ 10 eller 11 eller tilsvarande føresegner, kan oppdragsgjevaren heve kontrakten dersom dette er rimeleg.

Dersom det er sannsynleggjort at ein underleverandør har brote konkurranselova §§ 10 eller 11 eller tilsvarande føresegner, kan oppdragsgjevaren, dersom dette er rimeleg, krevje at leverandøren snarast mogleg skiftar ut underleverandøren sin, for leverandøren si rekning og risiko. Retten til å krevje utskifting gjeld ikkje dersom det formelt er hevda overfor kompetent styresmakt at kravet er feil, og leverandøren kan sannsynleggjere overfor oppdragsgjevaren at kravet mot underleverandøren ikkje er rettkome. Dersom leverandøren ikkje skiftar ut underleverandøren som han er forplikta til å skifte ut, kan oppdragsgjevaren heve kontrakten.

Oppdragsgjevaren skal i vurderinga av om det er rimeleg å heve kontrakten eller krevje utskifting av ein underleverandør, leggje vekt på den tida som er gått sidan brotet på konkurranselova §§ 10 eller 11 blei gjort, kva for bøtande tiltak som er sette i verk av leverandøren eller underleverandøren, og eventuelt andre moment som kan ha innverknad på vurderinga av om hevinga eller utskiftinga er rimeleg. Dersom brotet på konkurranselovgjevinga direkte har ramma eller påverka Vestland fylkeskommune, vil brotet alltid bli rekna for å vere rimeleg og gje oppdragsgjevaren rett til å heve kontrakten.

# 12. Etisk handel og samfunnsansvar

## 12.1 Oppfylling av menneskerettar

Leveransen skal produserast under forhold som er i samsvar med grunnleggjande krav til menneskerettar, arbeidstakarrettar og miljø, slik desse kjem fram i lovgjeving på produksjonsstaden og følgjande konvensjonar:

- FNs menneskerettskonvensjon
- FNs barnekonvensjon art. 32
- FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)
- ILO konvensjon nr. 29, 87, 98, 100, 105, 111, 138 og 182.

Leverandøren garanterer gjennom signering av kontrakten at leveransen ikkje blir produsert under forhold som strir mot forbod mot barnearbeid, tvangsarbeid, slavearbeid, forbod mot diskriminering i tilsetjings- og yrkessamanheng, retten til organisasjonsfridom og kollektive forhandlingar i samsvar med dei ovannemnde konvensjonane.

Leverandøren har bevisbyrda for at det ikkje ligg føre brot på føresegna.

## 12.2 Openheit om leverandørkjeder, kunnskapsplikt og aktsemdsvurderingar

Leverandøren pliktar å ha kunnskap om vesentleg risiko for negativ påverknad på grunnleggjande menneskerettar, miljø og anstendig arbeid i eiga verksemd og i leverandørkjedene til verksemda. Omfanget av kunnskapsplikta er mellom anna avhengig av storleik, eigarforhold og struktur på verksemda, aktivitetar, bransje og vare- eller tenestetypar. Oppdragsgjevaren kan be om at leverandøren skaffar fram slik informasjon før ein bestemt frist går ut.

Er leverandøren ei større verksemd etter rekneskapslova, skal leverandøren gjennomføre aktsemdsvurderingar for å kartleggje, hindre og avgrense mogleg negativ påverknad på grunnleggjande menneskerettar, miljø og anstendig arbeid, og gjere greie for korleis dette blir handtert. Aktsemdsvurderingane skal vere risikobaserte, gjentakande og førebyggjande. Oppdragsgjevaren kan be om at leverandøren skaffar fram slik informasjon før ein bestemt frist går ut.

## 12.3 Forbod mot korrupsjon og anna økonomisk misferd

Leverandøren skal aktivt motarbeide alle former for korrupsjon. Leverandøren skal kunne leggje fram eit system eller program for antikorrupsjon.

Leverandøren skal ikkje under nokon omstende utøve eller medverke til økonomisk kriminalitet, som korrupsjon m.m. Leverandøren skal halde alle relevante lover, forskrifter og reguleringar, inkludert nasjonalt og internasjonalt regelverk om forbod mot korrupsjon, kvitvasking, svindel og annan økonomisk kriminalitet og misferd.
Leverandøren pliktar å ha eit internt, skriftleg dokumenterbart etisk regelverk, retningslinjer og rutinar som effektivt regulerer dei kontrolltiltaka leverandøren gjer for å førebyggje og handtere risikoen for korrupsjon og anna økonomisk misferd (heretter kalla «compliance-program»). Leverandøren skal også sikre og dokumentere at alle mellombels og fast tilsette, inkludert innleigd personell eller andre som utfører oppgåver på vegner av leverandøren, har fått forsvarleg opplæring i compliance-programmet til leverandøren.

Leverandøren skal ved tilsetjing eller ved engasjement av juridiske eller fysiske personar som skal utføre arbeid på vegner av leverandøren, sikre at det er gjennomført tilfredsstillande kontroll av personen og kvalifikasjonane, ryktet og integriteten til vedkomande for å sikre at personen opptrer i samsvar med det regelverket som gjeld for antikorrupsjon og anna økonomisk misferd.
Forpliktingane til leverandøren etter dette dokumentet gjeld også underleverandørar, konsulentar, agentar, faste eller innleigde tilsette, styret eller andre representantar som utfører arbeid på vegner av leverandøren (til saman kalla «leverandøren»).

Forpliktinga i dette dokumentet gjeld i Noreg og i alle land og jurisdiksjonar der leverandøren er registrert eller opererer. Oppdragsgjevaren kan ved skriftleg melding til leverandøren heve denne kontrakten med omgåande verknad dersom leverandøren eller personellet hans blir sikta eller domfelt for brot på korrupsjonslovgjeving eller andre økonomiske straffebod. Det same gjeld ved vesentleg brot på relevant nasjonalt og internasjonalt regelverk til vern mot korrupsjon og økonomisk mishald. Oppdragsgjevaren kan krevje at leverandøren skiftar ut personell som blir sikta eller domfelt for brot på korrupsjonslovgjeving eller andre økonomiske straffebod.

Ved heving av kontrakten etter denne føresegna, har leverandøren ikkje rett til kompensasjon for betalingsforpliktingar som oppstår etter hevinga. Oppdragsgjevaren kan krevje erstatning frå leverandøren for alle direkte og indirekte økonomiske tap som oppdragsgjevaren lir som følgje av hevinga.

## 12.4 Sanksjonar

Ved mishald av krava i pkt. 12.1–12.3 skal leverandøren rette forholdet før utgangen av ein rimeleg frist som er fastsett av oppdragsgjevaren. Dersom forholdet ikkje er retta før utgangen av denne fristen, har oppdragsgjevaren rett til å ileggje leverandøren dagmulkt. Mulkta skal vere på 1 promille av kontraktssummen per kalenderdag. Dagmulkta går frå utgangen av fristen for å rette forholdet fram til leverandøren dokumenterer at forholdet er retta, eller fram til kontraktforholdet er avslutta.

Ved vesentleg mishald av krava i pkt. 12.1–12.3, eller dersom det er grunn til å tru at slikt vesentleg mishald vil oppstå, kan oppdragsgjevaren med rimeleg varsel stanse kontraktarbeida eller heve kontrakten. Slik stans er for leverandøren si rekning og risiko og gjev ikkje leverandøren rett til verken fristforlenging eller vederlagsjustering.

# 13. Varsling

Leverandøren skal kunne dokumentere at det er etablert effektive og sikre varslingsrutinar (jf. aml. § 2), inkludert ein varslingskanal ved mistanke om eller bevis på korrupsjon og anna økonomisk misferd.
Leverandøren og dei tilsette der, medrekna styret, innleigd personell og andre som utfører arbeid på vegner av leverandøren, skal varsle oppdragsgjevaren om moglege brot på føresegnene omgåande.

Ved brot på denne føresegna om rutinar og krav til varsling skal leverandøren utan opphald rette forholdet, men seinast før utgangen av den fristen oppdragsgjevaren set.

Seinast når fristen går ut, skal leverandøren leggje fram dokumentasjon for oppdragsgjevaren om at forholdet er retta. Oppdragsgjevaren kan krevje at leverandøren utarbeider ein arbeidsplan for dei kontrolltiltaka som skal setjast i verk for å rette forholdet. Oppdragsgjevaren kan krevje å førehandsgodkjenne arbeidsplanen og kontrolltiltaka.

# 14. Tilgang til og overføring av data frå leverandøren

Leverandøren skal ved pålegg frå oppdragsgjevaren kontinuerleg overføre opplysningar til eit elektronisk kjernesystem for oppfølging av leverandørar som er etablert av oppdragsgjevaren. Opplysningane som minimum skal overførast, er unik identifisering av kvar person som får tilgang til

byggjeplassen, inkludert tid for inn- og utregistrering, og annan informasjon på HMS-kortet. Dette skal gjerast for leverandøren si rekning og risiko.

Oppdragsgjevaren kan også krevje at førehandsregistreringa av underleverandørar og personar som skal utføre arbeid på byggje- eller anleggsplassen, skal skje direkte inn i kjernesystemet for oppfølging av leverandørar. Krav om direkte førehandsregistrering gjev ikkje leverandøren krav på ytterlegare vederlag eller annan kompensasjon.

Ved krav om førehandsregistrering kan oppdragsgjevaren i tillegg til å krevje registrering av opplysningane som er registrerte på HMS-kortet, krevje at leverandøren registrerer om personen er fast tilsett, er innleigd, er fagarbeidar eller lærling, og mobiltelefonnummeret til personen.

# 15. Revisjon

Oppdragsgjevaren, eller ein tredjepart som er engasjert av oppdragsgjevaren, kan for å undersøkje om krava i kontrakten blir oppfylte, gjennomføre revisjon av leverandøren og eventuelle underleverandørar, inkludert kontrollhandling og kontroll av økonomiske disposisjonar. Revisjon kan gjennomførast i perioden frå kontrakten blir inngått, til seks månader etter at sluttfakturaen er betalt. Denne tilgangen omfattar også kontraktar og dokumentasjon i underliggjande ledd. Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten, skal innehalde tilsvarande føresegner.
Oppdragsgjevaren står fritt til å nytte informasjon som er lagra i elektronisk kjernesystem for leverandøroppfølging, ved revisjonen sin.

Leverandøren skal vederlagsfritt stille nødvendige ressursar og dokumentasjon til disposisjon for kontroll frå oppdragsgjevaren. Medverknads- og dokumentasjonsplikta omfattar også underleverandørar. Dersom ein revisjon avdekkjer økonomisk misferd eller andre alvorlege forhold, skal leverandøren også bere kostnadene oppdragsgjevaren har til revisjonen.

# 16. Vidareføring av seriøsitetsføresegner

Leverandøren pliktar å sørgje for at føresegnene i dette dokumentet blir førte vidare mot alle underleverandørar som utfører arbeid under denne kontrakten.

# 17. Mishald av kontraktforpliktingar – konsekvensar for seinare konkurransar

Brot på pliktene i denne kontrakten kan få verknad for seinare konkurransar, anten i kvalifikasjonsomgangen eller tildelingsomgangen, i samsvar med regelverket for offentlege innkjøp. Oppdragsgjevaren kan avvise eller stengje leverandøren ute frå framtidige oppdrag for brot på føresegnene i denne kontrakten, i samsvar med det gjeldande innkjøpsregelverket.
Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten, skal innehalde tilsvarande føresegner.

# 18. Verknad dersom leverandøren bryt seriøsitetskrava

Ved brot på føresegnene i dette dokumentet skal leverandøren utan opphald rette forholdet, men seinast før utgangen av den fristen oppdragsgjevaren set.

Seinast når fristen går ut, skal leverandøren leggje fram dokumentasjon for oppdragsgjevaren om at forholdet er retta. Oppdragsgjevaren kan krevje at leverandøren utarbeider ein arbeidsplan for dei kontrolltiltaka som skal setjast i verk for å rette forholdet. Oppdragsgjevaren kan krevje å førehandsgodkjenne arbeidsplanen og kontrolltiltaka.

Manglande retting av forholda før fristen er ute, blir rekna som mishald av kontrakten, og dette gjev oppdragsgjevaren rett til å krevje mishaldssanksjonar, til dømes prisavslag eller erstatning.
For enkelte av føresegnene er det sett særskilde mishaldssanksjonar og andre sanksjonar. Oppdragsgjevaren kan velje om mishaldet skal rettast og sanksjonerast etter dei enkelte føresegnene eller etter dette punktet.

Dersom oppdragsgjevaren hevar kontrakten, kan oppdragsgjevaren krevje å få transportert til seg dei kontraktane leverandøren har med underleverandørar.

Brot på føresegnene i kapittel 8 (løns- og arbeidsvilkår), 12.1 (menneskerettar), 11.2 (korrupsjon) og 12 (varsling) blir rekna som forsett eller grov aktløyse hos leverandøren, jf. NS 8405 pkt. 34.3.